

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 07.09.2011
Møtestad: Helse Vest RHF, Stavanger

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Oddvard Nilsen	Styreleiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Gisle Handeland	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Gro Skartveit	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Kjartan Longva	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem

Forfall frå styret

Deltakarar frå administrasjonen

Administrerende direktør Herlof Nilssen
Kommunikasjonsdirektør Bente Aae
Fagdirektør Baard-Christian Schem
Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Leiar internrevisjon Bård Humberst
Torunn Nilsen referent

Ope del

Sakliste

B 083/11	Godkjenning av innkalling og dagsorden
B 084/11	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 22.06.2011
O 085/11	Administrerande direktør si orientering
B 086/11	Rapportering frå verksemda per juli 2011
B 087/11	Langtidsbudsjett 2012-2016
B 088/11	Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 8.juni 2011
B 089/11	Oppdragsdokument 2011 Tilleggsdokument etter Stortinget si behandling av Prop. 120 S (2010-2011)
B 090/11	Internrevisjon av brannvern 2011
B 091/11	Suppleringsval av styremedlemmer til styra i helseføretaka
B 092/11	Møteplan 2012
O 093/11	Helse Vest - medlem i Initiativ for etisk handel - IEH
B 094/11	Oppfølging av ventetider og fristbrot i Helse Vest
O 095/11	Tiltak for å redusere bruk av korridorpassar
B 096/11	Oppfølging av internrevisjonsrapport 2010 - Økonomistyring
097/11	Eventuelt
Lukka del	U. Off jf Offentleglova § 23, 1. ledd. Jf Fvl. § 13, 1. ledd 2), og Offl. § 12 c)
B 098/11	Nasjonalt program for stabs- og støttefunksjoner på logistikk- og økonomiområdet (NPSS-LØ) - avvikling av samarbeid med leverandør av systemløsning

Fellesmøte mellom styret i Helse Vest RHF og styret i Helse Fonna HF

Fellesmøtet blei gjennomført med følgjande sakliste:

- Status og vidare arbeid med økonomi og faglege kvalitetsindikatorar i Helse Fonna HF
- Utfordringar og vidare tiltak innan barne- og ungdomspsykiatrien i Helse Fonna HF
- Forbetringsprogrammet innan psykisk helsevern – fase 2

B 083/11 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering:

Forfall:

Det var ikkje meldt forfall til møtet.

Nye saker på saklista:

Styreleiar orienterte om at det var 1 nytt pkt på AD si orientering:

Pkt 6 – Helse Førde - prioritering

Orienterer om at det var lagt fram 1 styresak i tillegg til utsendt sakliste:

Sak 098/11 B Nasjonalt program for stabs- og støttefunksjoner på logistikk- og økonomiområdet (NPSS-LØ) - avvikling av samarbeid med leverandør av systemløsning

Møtet blir lukka under handsaming av sak 098/11 B jf Offentleglova § 23, 1. ledd. Jf Fvl. § 13, 1. ledd 2), og Offl. § 12 c).

Denne saka blir behandla i slutten av møtet.

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møtet:

Til sak 090/11 B Internrevisjon av brannvern 2011:

Lysark med oppsummering per HF

Notat med revisjonskomiteen sitt vedtak frå møte 6. september 2011

Til sak 091/11 B Suppleringsval av styremedlemmer til styra i

helseføretaka:

Styresak med vedlegg

Sak 098/11 B – Nasjonalt program for stabs- og støttefunksjoner på logistikk- og økonomiområdet (NPSS-LØ) - avvikling av samarbeid med leverandør av systemløsning:

U. Off. styresak med vedlegg

Til skriv og meldingar:

- Brev frå Helse Vest RHF til Advokatfirmaet Harris, dagsett 020911 – Helse Førde HF sitt vedtak av 17. juni 2011 – anmodning om utsatt iverksettelse
- Brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Vest RHF, dagsett 300511 – Tilsyn med Helse Vest RHF – rett til nødvendig helsehjelp – barne- og ungdomspsykiatri

Eventuelt:

Aslaug Husa meldte inn spørsmål om prøvesvar i Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF.

Gro Skartveit meldte inn spørsmål om rusavtalene i Helse Sør-Øst.

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

B 084/11 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 22.06.2011

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 22.06.2011.

O 085/11 Administrerende direktør si orientering

1 Statens eierberetning 2010

Nærings- og handelsdepartementet har publisert dokumentet "Statens eierberetning 2010". Dokumentet gir ein oversikt over det statlege eigarskapet, korleis eigarskapet blir forvalta og korleis selskapa utviklar seg. Dokumentet tar sikte på å bidra til auka kunnskap om departementa sitt arbeid med forvaltninga av eigarskapet og om dei enkelte selskap.

I omtala av viktige hendingar i Helse Vest er det peikt på at god økonomistyring og eit resultat som er betre enn budsjett gjer at føretaksgruppa nå har finansiell kraft til å kunne gjennomføre investeringar.

Det er særleg vist til at Helse Vest gjennom heile 2010 har hatt fokus på å redusere talet på fristbrot og på å redusera ventetidene til behandling samt til auka satsing innanfor rusfeltet og habilitering-/rehabiliteringstenestene.

2 Rentebinding av lån til investeringar

Helse Vest har etter ein samla vurdering valt å binde renta på 3 lån, totalt kr 553,8 mill. For å redusere risikoen og samtidig oppretthalde målsettinga om stabile føresetnader, har ein denne gongen valt å gå for 3-årig fast rente.

Administrerende direktør vil komme tilbake med ei sak om strategi for rentevurdering/-binding i løpet av hausten 2011.

3 Oversikt over tilsynssaker i perioden 3. juni til 19. august i Helse Vest

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Administrerende direktør orienterte om at kvalitet, meldekultur og lærande organisasjon var tema på den regionale leiargruppesamlinga 29. – 30. august. Direktør i Helsetilsynet, Lars E. Hansen hadde hovudinnlegget og deltok på første dag av samlinga.

4 Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 06.06.11 - 19.08.11

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5 Oversikt over aktuelle høyringar per 19. august 2011

Administrasjonen viste til utsendt notat.

6 Helse Førde – prioritering

Administrasjonen orienterte om funn ved gjennomgang av om pasientar i Helse Førde HF har fått rett prioritet. Pasientar som skulle hatt rett til nødvendig helsehjelp men som har fått feil prioritet har blitt kontakta, og vidare oppfølging er avtalt.

Legar i Helse Førde HF har fått tilbod om opplæring i prioriteringsrettleiarar. Helse Førde har handtert situasjonen i dialog med Helsetilsynet i Sogn og Fjordane.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

B 086/11 Rapportering frå verksemda per juli 2011

Oppsummering:

Ventetidsutviklinga per juli 2011 syner at ventetidene i hovudsak har gått ned for behandla pasientar og opp for ventande, når ein ser på alle fagområde samla. Basert på historikk er dette ei forventa sommarutvikling. Den gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i juli var 58 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 90 dagar.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn til same tid i 2010, medan aktiviteten i hovudsak er noko lågare innan psykisk helsevern. Unnataket er dagbehandling og poliklinisk aktivitet innan psykisk helsevern for vaksne, kor aktiviteten er høgare.

Talet på fristbrot og langtidsventande har gått litt opp i juli samanlikna med dei føregåande månadene, medan talet på korridorpasientar innan somatikk og psykisk helsevern har gått litt ned.

Akkumulert resultat pr juli er positivt med kr 251,9 mill som er kr 91,5 mill betre enn budsjett. Helse Stavanger har realisert 58 % av planlagd effekt av omstillingstiltaka. Helse Fonna har kun hatt 16 % av forventa effekt medan Helse Førde har ei realisering på 73 % av planlagd effekt pr juli. Alle føretak med unntak av Helse Fonna og Helse Førde og fellesområdet i føretaksgruppa melder ei prognose som tilsvarer budsjettert resultatkrav. Helse Fonna si prognose pr juli viser eit overskot på kr 1,5 mill som er kr 8,5 mill svakare enn budsjettert resultatkrav. Helse Førde har utarbeidd ei prognose for året som viser eit resultat som er kr 20 mill dårlegare enn budsjettert. Helse Vest har ved utgangen av juli ein netto likviditet på minus kr 560 mill. Samla sett er driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg.

Sjukefråværet i tal sjukefråværsdagsverk er på om lag same nivå som for same månad 2010. På grunn av hovudferieavviklinga i deler av juni og heile juli er det vesentleg færre moglege utførte dagsverk. Dette gir høgare sjukefråvær i prosent. Sjukefråvær i tal fråværsdagar er vesentleg lågare enn månadar utan ferieavvikling. Gjennomsnittleg lengde sjukemeldt sjukefråvær er per utgangen av juli 9,9 dagar.

Brutto og netto månadsverk ligg framleis høgare for alle månadar så langt i 2011, samanlikna med 2010.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. juli 2011 til etterretning.

B 087/11 Langtidsbudsjett 2012-2016

Oppsummering:

Styret i Helse Vest behandla i møte den 01.09.2010 sak 091/10 B Langtidsbudsjett 2011-2015. Det blei i denne saka fatta vedtak om at rullering av nytt langtidsbudsjett skal gjerast våren 2011 med basis i revisjon av Helse 2020.

Prosessen rundt Helse 2020 har blitt gjennomført hausten 2010 og våren 2011. Saka blei lagt fram for styret i møte den 22.06.2011. Dette inneber at arbeidet med langtidsbudsjettet i helseføretaka delvis har gått parallelt med arbeidet rundt Helse 2020. Dei viktigaste føringane som er gitt i Helse 2020 var likevel klarlagt på det tidspunkt helseføretaka starta arbeidet med rulleringa av langtidsbudsjettet. Helse Vest har dessutan i eget brev datert 17.03.2011 gitt helseføretaka føresetnader og føringar for utarbeiding av langtidsbudsjett 2012-2016. Alle helseføretaka har no behandla sine langtidsbudsjett i sine respektive styre.

Administrerande direktør meiner at ein her har klart å fange opp dei viktigaste føringane frå Helse 2020. Arbeidet med langtidsbudsjettet vil vere ein årleg prosess og det vil bli arbeidd

kontinuerleg med å utvikle langtidsbudsjettet. Ein tar sikte på at langtidsbudsjettet blir rullert kvar vår i helseføretaka, og at langtidsbudsjettet for føretaksgruppa blir lagt fram for styret i Helse Vest i septembermøtet.

Helse Vest har i 2010 levert eit positivt resultat for andre år på rad. Resultatet for 2010 blei eit overskot på kr 436 mill korrigert for pensjon. Budsjettet var på kr 158 mill. Det er viktig at føretaksgruppa for andre år på rad kan vis at det samla sett er god styring på økonomien. For å kunne vidareutvikle føretaka og gjennomføre nødvendige investeringar, er ein heilt avhengig av positive resultat og god økonomistyring.

Helseføretaka har i samband med framrullinga av sine langtidsbudsjett gjort ei nærmare vurdering av nødvendige omstillingstiltak for å tilpasse drifta i tråd med dei økonomiske rammene slik at dei kan handtere framtidige investeringsbehov.

I forslag til vedtak om framtidig resultatkrav er det tatt utgangspunkt i helseføretaka sine vedtak, avrunda til nærmaste heile mill. kroner. Dersom helseføretaka ønskjer å forbetre resultatkravet ytterlegare for å kunne handtere investeringar, kan dei sjølvsgjort gjere det.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret vedtok langtidsbudsjett for 2012-2016.
2. Resultatkravet for perioden 2012-2016 blei fastsett som følger:

Resultat pr. foretak	Langtidsbudsjett					
	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Helse Stavanger	40 000	60 000	80 000	100 000	122 000	122 000
Helse Fonna	10 000	31 000	34 000	34 000	35 000	35 000
Helse Bergen	140 000	180 000	200 000	220 000	220 000	220 000
Helse Førde	-40 000	-40 000	0	0	0	0
Helse Vest IKT	0	0	0	0	0	0
Apoteka Vest	14 000	10 000	11 000	14 000	18 000	23 000
Helse Vest RHF	40 000	40 000	0	0	0	0
Sum føretaksgruppa	204 000	281 000	325 000	368 000	395 000	400 000

Resultatkravet for Helse Førde blir vurdert på ny i samband med oppdateringa av inntektsmodellen i Helse Vest som skal gjelde frå 2013.

3. Helseføretaka må styre og prioritere investeringane innanfor tilgjengeleg likviditet i langtidsbudsjettet. Dersom resultatet endrar seg negativt må det gjerast nødvendige tilpassingar i investeringsplanen.
4. Dei årlege investeringsbudsjetta blir vedtatt i samband med behandlinga av dei årlege budsjetta. Avgjerda om og gjennomføring av investeringar må følgje fastsette retningslinjer for investeringar. Denne saka gir ikkje godkjenning for gjennomføring av dei enkelte prosjekta.
5. Rulling av nytt langtidsbudsjett blir gjort våren 2012. Dette skal skje i tråd med Helse 2020 og dei føringane som blir gitt i samhandlingsreforma.

B 088/11 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF torsdag 8.juni 2011

Oppsummering:

Onsdag 8. juni 2011 blei det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale.

Følgjande saker blei behandla:

Sak 1 – Føretaksmøtet blir konstituert

Sak 2 – Dagsorden

Sak 3 – Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2010

Sak 4 – Godkjenning av godtgjering til revisor

Sak 5 – Årleg melding 2010

Sak 6 – Endring av driftskredittramme for 2011

Sak 7 – Endring av instruks om forholdet til universitet og høgskular

Styret viste til protokollen frå sak 5 og la vekt på at arbeidet med å helde sjukefråværet lågt i føretaksgruppa må helde fram.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok protokollen frå føretaksmøte til etterretning.

B 089/11 Oppdragsdokument 2011. Tilleggsdokument etter Stortinget si behandling av Prop. 120 S (2010-2011)

Oppsummering:

I brev til Helse Vest RHF datert 1. juli 2011 har Helse- og omsorgsdepartementet oversendt eit tilleggsdokument til oppdragsdokumentet for 2011. Endringane kjem som følgje av Stortinget si behandling av Prop. 120 S (2010-2011), jf. Innst. 420 S (2010-2011).

Som følgje av dette er det utarbeidd forslag til tilleggsdokument til styringsdokumenta for 2011 til Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok tilleggsdokumentet til oppdragsdokumentet for 2011 til etterretning.
2. Styret vedtok tilleggsdokument til styringsdokument for 2011 til Helse Førde HF i samsvar med forslag lagt fram for styret i styremøtet 07.09. 2011.
3. Styret vedtok tilleggsdokument til styringsdokument for 2011 til Helse Bergen HF i samsvar med forslag lagt fram for styret i styremøtet 07.09. 2011.
4. Styret vedtok tilleggsdokument til styringsdokument for 2011 til Helse Fonna HF i samsvar med forslag lagt fram for styret i styremøtet 07.09. 2011.
5. Styret vedtok tilleggsdokument til styringsdokument for 2011 til Helse Stavanger HF i samsvar med forslag lagt fram for styret i styremøtet 07.09. 2011.
6. Det blir gjennomført føretaksmøte i helseføretaka for formidling av tilleggsdokumentet til styringsdokumenta for 2011.

B 090/11 Internrevisjon av brannvern 2011

Oppsummering:

Det vart i 2008 gjort ein internrevisjon av brannvernarbeidet i helseføretaka Fonna, Bergen, Førde og Stavanger. Ei oppfølging i 2011 har sett på korleis førre rapporten vart følgt opp og gir eit oppdatert situasjonsbilde.

Anbefalingar:

Det er variasjon mellom føretaka, som einskildrapportane viser. I oppsummering er det likevel følgjande anbefalingar som oftast går igjen:

- Vidareutvikle internkontrollsystemet og sikre etterleving av alle krava i internkontrollforskrifta, særleg:
 - risikokartlegge alle avdelingar/ brannobjekt, følgje opp med handlingsplanar
 - vurdere tiltak for å betre rapporteringa av avvik i avvikssystemet
 - dokumentere at internkontrollsystemet fungerer som føresett
- Sikre at alle tilsette gjennomfører obligatorisk opplæring (både slukkeøving, evakueringsøvingar og teoretisk e-læringsprogram), samt gi alle vikarar grunnleggande opplæring før dei blir sett i arbeid.
- Sjå til at rømmingsvegar til ei kvar tid tilfredsstiller kravet til rask og sikker evakuering.

Revisjonskomiteen hadde møte 6. september 2011 og behandla saka.

Revisjonskomiteen gjorde følgjande samrøystes vedtak:

"Revisjonskomiteen viser til anbefalingane og ber om å bli halden orientert om føretaka si oppfølging av rapporten."

Vedtak (samrøystes):

Styret viste til anbefalingane ba om å bli halden orientert om føretaka si oppfølging av rapporten.

B 091/11 Suppleringsval av styremedlemmer til styra i helseføretaka

Oppsummering:

Det er i to av helseføretaksstyra behov for å gjere suppleringsval. I situasjonar der eigaroppnemnde styremedlemmer har gått ut av styret før tenestetida er ute, er etablert praksis at nye medlemmer blir valde med tenestetid fram til neste ordinære val. Dei same krav til kvalifikasjonar som blir sett ved ordinære val bør gjelde også ved suppleringsval.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret gav styreleiær fullmakt til å utpeike nye styremedlemmer i Helse Stavanger HF og Helse Førde HF til erstatning for Marit Amundsen og Reidun K. Halland.
2. Tenestetida for dei nye styremedlemmene vil vere fram til neste ordinære val, i februar 2012.

B 092/11 Møteplan 2012

Oppsummering:

I forslaget til møteplan for styret i Helse Vest RHF er det lagt opp til 9 styremøte. Det er og lagt inn 1 styreseminar for RHF-styret og HF-styra.

Det er og planlagt fellesmøte med styra i helseføretaka og det regionale brukarutvalet. Presentasjonar av Sjukehusapoteka Vest HF, Private Ideelle institusjonar, Pasientomboda og Helse Vest IKT er innarbeidd.

Styret flytta styremøtet i mai frå 2. til 9. mai, og endeleg møteplan blir som følgjer:

Månad	Dag	Aktivitet	Stad
Februar	onsdag 1.	Styremøte	Bergen
Mars	onsdag 7.	Styremøte	Stavanger
Mars	torsdag 8.	Samling RHF-styret/HF-styra Føretaksmøte HF-a	Stavanger
Mai	onsdag 9.	Styremøte	Førde
Juni	onsdag 6.	Styremøte	Stavanger
Juni	fredag 22.	Styremøte	Bergen
September	onsdag 5.	Styremøte	Haugesund
Oktober	onsdag 3.	Styremøte	Stavanger
November	onsdag 7.	Styremøte	Stavanger
Desember	onsdag 5.	Styremøte	Stavanger

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjente møteplan for 2012.

O 093/11 Helse Vest - medlem i Initiativ for etisk handel - IEH

Oppsummering:

Saka er ei orienteringssak til styret om at Helse Vest no er medlem i organisasjonen Initiativ for etisk handel (IEH), saman med dei andre helseregionane og HINAS. Eit slikt medlemskap vil styrkje og lette Helse Vest sitt arbeid med etisk handel framover.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering.

B 094/11 Oppfølging av ventetider og fristbrot i Helse Vest

Oppsummering:

Det er eit høgt prioritert styringskrav at helseføretaka ikkje skal ha fristbrot og ikkje meir enn 65 dagar gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar. Dei helseføretaka som ikkje har nådd måla i forhold til fristbrot og ventetid før sommaren, er bedt om å legge fram ein detaljert plan med framdrift for korleis ein skal komme i mål på desse områda. Helse Vest har understøtta dette arbeidet ved å stille ekstra midlar til disposisjon.

Rapporteringa per 1. juli viser at alle helseføretaka har nådd målet om 65 dagar gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar. Helse Bergen er lågast med 55 dagar medan Stavanger ligg høgast med 63 dagar. Tidlegare registreringar har vist at det er sesongmessige variasjonar, og at ventetida går opp utover hausten. Det blir ei utfordring for helseføretaka å halde ventetida på det nivået som er nådd per 1. juli.

Helseføretaka har ikkje nådd målet når det gjeld fristbrot. I Helse Vest er det per 1. juli registrert til saman 1937 fristbrot. På same tid i fjor var talet 4178. Det er Helse Stavanger og Helse Fonna som har dei største utfordringane når det gjeld fristbrot.

Helseføretaka har sett i verk ekstra tiltak for å redusere ventetidene og hindre fristbrot. Det er utarbeida planar for ytterlegare tiltak.

Helse Vest meiner det er risiko for fleire av dei tiltaka som er foreslått ikkje vil gje tilstrekkelege resultat på kort sikt og innan dei fristane som er gitt i styringskrav.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering og gav administrasjonen i Helse Vest fullmakt til å sette i gang nødvendige tiltak for å nå målet i oppdragsdokumentet når det gjeld fristbrot innan utgangen av 2011.

O 095/11 Tiltak for å redusere bruk av korridorplassar

Oppsummering:

På tross av eit klart styringsbodskap er det i fleire av helseføretaka framleis ei utstrakt bruk av korridorplassar.

Alle helseføretaka har no hatt ein gjennomgang av bruken av korridorplassar og laga planar for korleis dagens praksis skal endrast.

Helse Førde har i utgangspunkt minst bruk av korridorplassar, men har utarbeidd ein klar prosedyre for å redusere dette i tråd med styringskravet.

Helse Bergen har omfattande problem særleg innan psykisk helse. Utover arbeidet med rutinar og betre pasientforløp blir sengekapasiteten utvida ved tidlegare opning av Øyane DPS og etablering av to busentre for utskrivingsklare pasientar. Det blei søkt om tilskot til finansiering av dette.

Helse Fonna har ei særleg utfordring innan somatikk og har laga ein konkret og detaljert plan med ansvars- og tidfesting.

Helse Stavanger har ei omfattande utfordring innan somatikk. Utover tiltak knytt til utskriving og samhandling med kommunane, blei det føreslått oppretta ein ekstra post for utskrivingsklare pasientar i ledige lokale i MOBA-bygget. Det blei søkt om tilskot til dette tiltaket.

Frå Helse Vest er det fordelt 10 mill. kr ekstra til føretaka for å understøtte arbeidet med å redusere bruk av korridor plassar.

Med dei tiltak som er skissert frå føretaka og dei ekstra midlane som er overført, blir det forventa at bruk av korridor plassar innan psykisk helsevern i Helse Bergen normalt ikkje lenger finn stad etter august 2011 og at bruken av korridor plassar innan somatikk i Helse Stavanger og Helse Fonna blir redusert betrakteleg.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering.

O 096/11 Oppfølging av internrevisjonsrapport 2010 - Økonomistyring

Oppsummering:

Internrevisjonen skal etter instruksjonen følgje opp om nødvendige tiltak på bakgrunn av revisjonsprosjekt blir sette i verk, og rapportere resultata av dette. Det blei i 2010 gjennomført ein internrevisjon av økonomistyring i helseføretaka. Denne saka følgjer opp kva som sidan er blitt gjort, og blei lagt fram for revisjonskomiteen 11.5.2011.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok saka til orientering.

097/11 Eventuelt

Prøvesvar i Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF (AH)

Administrasjonen orienterte om situasjonen i Helse Bergen og Helse Stavanger der enkelte prøvesvar i EPJ ikkje har kome fram til rett adressat. Det er no oppretta kontrollsystem for å sikre at tilsvarende problem i framtida blir oppdaga og korrigert tidleg.

Rusavtalene i Helse Sør-Øst (GS)

Administrasjonen orienterte om at Helse Sør-Øst gjer ei vurdering av om det er mogleg å få til meir langsiktige avtaler med rusinstitusjonane. Det er og etablert eit nettverk med deltakarar frå dei alle dei 4 regionane for å sikre lik praksis mellom regionane.

Eventuelle endringar i forhold til avtaler med rusinstitusjonane vil ikkje få konsekvensar i Helse Vest før ved neste anbodskonkurranse om 3,5 år.

Styret ønskte å bli halde orienterte om endringar.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 230811 – Rapportering frå Helse vest RHF per juni og juli 2011
- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 230811 – Rapportering frå Helse vest RHF per mai 2011

- Brev frå Helsedirektoratet til RHF-a, dagsett 190811 – Oppfølging av rammede etter terroranslagene 22.07.11
- Brev frå advokatfirmaet Harris, dagsett 170811 – Helse Førde sitt vedtak av 17. juni 2011 – anmodning om utsatt iverksettelse
- Brev frå advokatfirmaet Harris, dagsett 210611 – Mandat for utviklingsprosjekt ved Nordfjord sjukehus
- Brev frå Helse Vest RHF til Helse Førde HF, dagsett 220711 – Frist – Fødestove ved Lærdal sjukehus
- Brev frå Helse Førde HF til Helse Vest RHF, dagsett 210711 – Frist – Fødestove ved Lærdal sjukehus
- Brev frå Nordfjordrådet til Helse Vest RHF, dagsett 180811 – Fråsegn frå Nordfjordrådet til møtet med Helse Vest RHF den 19.08.11
- Brev frå Helse Vest RHF til Vågsøy senterparti, dagsett 150811 – Spørsmål rundt Nordfjord sjukehus
- Brev frå Vågsøy senterparti til Helse Vest RHF, dagsett 010611 – Spørsmål rundt Nordfjord sjukehus
- Oversending av vedtak frå Selje kommune til Helse Vest, dagsett 220611 – Nordfjord sjukehus – støtte til tilsette
- Oversending av vedtak frå Vågsøy kommune til Helse Vest, dagsett 220611 – støtte til de ansatte ved Nordfjord sjukehus
- Kopi av brev frå Helsefaggruppen i Nordfjord til Spesialkomiteen Legeforeningen, dagsett 260611 – Bekymringsmelding om LIS-utdanning i ortopedi i HF
- Brev fra Radøy kommune, dagsett 150611 – Nedlegging av hud poliklinikk i Knarvik
- Brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Helse Stavanger HF, dagsett 180711 – Oppfølging av tilsyn med SUS, psykiatrisk divisjon Tema: akuttpsykiatriens håndtering av selvmordstruede pasienter
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Fonna HF, dagsett 230611 – Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF - Kirurgisk klinikk - Kirurgisk poliklinikk og dagkirurgi Haugesund sjukehus 19. mai og 21. juni 2011
- Kopi av brev frå Statens Helsetilsyn til HOD, dagsett 230611 – Regionalt gjennomførte tilsyn med spesialisthelsetjenesten i 2010
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Helse Stavanger HF, dagsett 210611 – Melding om tilsyn ved Stavanger Universitetsjukehus HF (SUS) - behandling av skrøpelige eldre med hoftebrudd
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Bergen HF, Voss sjukehus, dagsett 160611 – Rapport frå tilsyn med Helse Bergen HF - Voss sjukehus 12.-13.mai 2011
- Brev frå Gjertrud Lovise Tretteteig til Haugland Rehabiliterings senter, dagsett 250711 – Klage – fysisk tilgjenge i matsal

- Brev frå Haugland Rehabiliteringssenter til Gjertrud Lovise Tretteteig, dagsett 010811 – Svar på klage i samband med oppussing av matsal ved Røde Kors Haugland Rehabiliterings-senter
- Kopi av brev frå Arbeidstilsynet til Helse Bergen HF, dagsett 060711 – Gjennomføring av pålegg
- Brev frå Regionalt brukarutval i Helse Vest RHF til Helse Vest RHF HF, dagsett 160611 – Vedr. LIS anbefalinger av TNF alfa hemmere
- Program for Helse Vest sin forskningskonferanse 2011
13. -14. oktober 2011 – Solstrand Hotel og Bad Bergen
- Brev frå Riksrevisjonen til Helse Vest IKT, dagsett 180811 - Elektronisk medlingsutveksling og samhandling i helsesektoren Uts. Off.
- Brev frå Riksrevisjonen til RHF-a, dagsett 080711 - Elektronisk medlingsutveksling og samhandling i helsesektoren Uts. Off.

Følgjande skriv og meldingar var delt ut i møtet:

- Brev frå Helse Vet RHF til Advokatfirmaet Harris, dagsett 020911 – Helse Førde HF sitt vedtak av 17. juni 2011 – anmodning om utsatt iverksettelse
- Brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Vest RHF, dagsett 300511 – Tilsyn med Helse Vest RHF – rett til nødvendig helsehjelp – barne- og ungdomspsykiatri

Styret kommenterte brev frå Regionalt brukarutval i Helse Vest RHF til Helse Vest RHF HF vedr LIS anbefalinger av TNF alfa hemmere, og ba om at Helse Vest sitt svarbrev til Regionalt brukarutval blir lagt fram under skriv og meldingar på neste styremøte.

- - -

Lukka del

Møtet var lukka under handsaming av sak 098/11 B jf Offentleglova § 23, 1. ledd. Jf Fvl. § 13, 1. ledd 2), og Offl. § 12 c).

B 098/11 Nasjonalt program for stabs- og støttefunksjoner på logistikk- og økonomiområdet (NPSS-LØ) - avvikling av samarbeid med leverandør av systemløsning

Oppsummering:

I henhold til Helse- og omsorgsdepartementets krav gitt i foretaksmøtene i perioden 2006-2011, har de regionale helseforetakene siden 2006 arbeidet med et nasjonalt program for samordning av stabs- og støttefunksjoner (NPSS). Det vises til tidligere styresaker.

De fire regionale helseforetakene har som et ledd i samordningen på logistikk- og økonomiområdet sammen inngått en fireårig rammeavtale med IBM. Det ble gjort avrop på etablering av driftsmiljø for felles systemløsning, samt at det ble gjort avrop på forprosjekt for økonomi og logistikk løsning for Helse Midt og Helse Sør-Øst. Helse Vest og Helse Nord var del av anskaffelsesprosessen, med forbehold om lav sannsynlighet for avrop. Denne saken omhandler en felles beslutning om å si opp rammeavtalen og avbestille leveransene fra IBM.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok til etterretning at rammeavtale og tildelingsavtale med IBM for drift samt forprosjekt av felles nasjonal økonomi- og logistikk-løsning, sies opp.
2. Styret ba om at en i det videre arbeidet innen logistikk og økonomiområdet sikrer oppfølging av protokoll fra foretaksmøte, senest foretaksmøte 2011.

Ref. Torunn Nilsen
07.09.2011

Oddvard Nilsen	Styreleiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Gisle Handeland	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Gro Skartveit	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Kjartan Longva	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem